



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLADE

FOR KVAM

NR. 2 • JUNI 2024
85. ÅRGANG

Dugnad duger!



FRAMSIDA

Biletet på framsida er av
Arnfinn Hopland på
dugnadsarbeid
Foto: Privat



GÅVE

Kunne du tenka deg å
senda ei gåve til Kyrkjeblad
for Kvam?
Då kan Vipps
nr 584927 nyttast.

LEIAR

Kyrkja og økonomien

Kvífor slit kyrkja i Kvam med økonomien? Og kva er eigentleg «Den norske kyrkja i Kvam?»

Her det viktig å ha tunga rett i munnen, for Den norske kyrkja i Kvam er så mangt. I botnen har me 4 sokn, som har kvar sin relativt enkle og oversiktlege økonomi. Sokna steller med offer, tilskipingar, gudstenester, trusopplæring - men har ikkje tilsette, ikkje løns- og personalansvar, ei heller ansvar for vedlikehald av kyrkjebygg. Sokna er likevel grunnsteinen i kyrkje-organisasjonen, og sit med det overordna ansvaret for å «byggja og nöra det kristelege livet i soknet,» som det står i lovteksten.

Det er det velsigna fellesrådet som sit med dei store økonomiske børene og sutene, men som også forvaltar store midlar. Fellesrådet har ansvar for drift og vedlikehald, og personalansvar for alle som er tilsette. Grovt sett får fellesrådet sine inntekter frå tre kjelder: Kvam herad, Bjørgvin bispedøme, og eigne inntekter. I sum forvaltar fellesrådet om lag 12 millionar på sitt driftsbudsjet.

Kvífor er det då mangel på pengar? På mange måtar kan kyrkja liknast med privatbudsjetten vårt i heimen: brått og utanførevarsel byrja utgiftssida å stiga. I kyrkja er det ikkje renter som knekkjer økomien, me er heldigvis nesten gjeldfrie. Men under korona-tida og no i ettertid har me opplevd at at kostnadssida har eksplodert på mange plan, utan at inntektssida klarar halda fylge. Straum og pensjonskostnad er to nøkkelord her.

Olav Skeie Lid

Redaktør



Det er rett og slett ikkje lenger samsvar mellom utgifter og inntekter.

Dette er ikkje eit ukjent fenomen, verken hos privatmann eller offentlege institusjonar. Me har to val: auka inntektene eller redusera kostnadene. Dette kan rådmenn i alle kommunar føtelja mykje om! Utfordringa er som alltid at dei fleste kostnadane er faste, og ikkje så lette å gjera noko med. Det vert som regel til at ein sparar på vedlikehald- og konsekvensen av det er ikkje så vanskeleg å spå om. Eller ein stengjer kyrkjer, for å spara straum. Utfordringa er at kyrkjene må ha ein grunnvarme, for å ivaretaka bygget, kunsten og instrumenta. Ajajaj.

Finst det noko utveg ut or uføre? Skal ein byrja samla inn pengar til offentleg drift av kyrkjene våre? Kyrkjeverja meiner nei. Drifta skal og må vera offentleg finansiert. Større prosjekt og eigne prioriteringar innan trusopplæring kan godt vera privatfinansierte gjennom innsamlingsaksjonar eller gevarteneste – men ikkje drifta av organisasjonen, eller gravferdsforvaltninga. Dette er det offentlege sitt ansvar. Amen.

Men i dagens kyrkjeblad finn du ein giro, og den gjeld bladpengar for å halda kyrkjebladet gåande. Bruk den gjerne! Her vil alle bidrag vera kjærkomne, og skulle det koma ei overrasking som i fjor, der ein glad gevær heilt uventa sende oss kr 200 000,- ja, då er det himmelrike på jord for kyrkjeverja.

Takk for all velvilje og milde gaver – me skal gjera vårt beste for å brukha dei rett!



KYRKJEBLAD FOR KVAM

Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm
sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Olav Skeie Lid, epost: OL485@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gaver
Vipps #584927

Annonsar:

Kontakt redaksjonen

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til ol485@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontakt-informasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:



w.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam

@kyrkjerikvam

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:

976 995 082

Kyrkjeverja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41400035,

epost: ol485@kyrkja.no

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,

vk267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Roar Strømme,

rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Margunn Mikkelsen Tordal

mmtordal@gmail.com

Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal

mmtordal@gmail.com

Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes

a.h.fylkesnes@gmail.com

Øystese sokn:

Kjell Dysvik,

kjell.dysvik21@gmail.com

Ålvik sokn:

Ida Lindøe

idalind@online.no

Kvitsunn

Ei fantastisk pinsehelg er attom oss. Aldri er Noreg vakrare enn på desse tider, «når det larvar av blomar på strå».

Kvitsunn, kalla dei gamle denne høgtidshelga. Ho er sanneleg kkje så lett å gripa, denne feiringa av at Sanningsanden kom til oss? Dei sleit nok med det, dei to karane som Jakob Sande skriv om i sitt dikt «To glade karnaljar». Litt uti diktet finn me denne vesle språkperla, der dei glade begersvingarane - på nettopp ein solfylt pinsedag, - ser kyrkjefolket koma stigande til kyrkje, - og dei kan lite skjøna av denne prioriteringa, der dei sit i solveggen:

**-Ja, og so sitje på ein trebenk midt i solsteiken, då,
For å høyra på ein prest som
kanskje lastar deg attpå...?**

Opne kyrkjer i sommar

Det slår aldri feil: når varmen kjem og sommaren ligg utover landet – då opnar kyrkjene i Kvam sine dører. Slik også i år. Både Vikøy kyrkje og Øystese kyrkje vil ha opne kyrkjedører i store deler av sommaren.



Nei, feiringa av pinse er ikkje alltid like lett forklara. «Kyrja sin fødselsdag», heiter det ofte. Dramatiske bilete frå Apostel-gjerningane fortel om korleis Anden kom og gav liv til disippelflokken, og sette ting i rette perspektiv. Frå denne dag var det at apostlane starta arbeidet med å bringa Kristi bodskap ut til verda.

Men i dag? På ein norsk luthersk kyrkjesundag, - er det den same Anden vi talar om?

Eg vel å tru det. For meg er det mindre viktig med liv og røre, enn det faktum at denne Anden peikar på Kristus for meg, at Han peikar på mine mange feilsteg, - og at han viser veg attende til den same tilgjevande Kristus, gong på gong. Det er Andens verk, anten det skjer i det stille, eller under tunger av eld. Og ja, at presten

lastar oss med evangeliet sine ord om sanning og nåde, skulle vel berre mangla.

Kvitsunn, - eg likar ordet. Det er ikkje mykje i bruk lenger, og namnet har sine røter i at det i middelalderen var den store dåpsdag, der dei nydøypte vart kledd i kvite klede. Kvifargen finn me framleis att i dåpskjolen til dåpsbarnet.

Kvitsunn – berre ei ekstra god langhelg? Det også – men og noko meir: på denne dagen vart fundamentet for kyrkja si forståing av den tre-einige Gud lagt for 2000 år sidan, - og fundamentet held framleis.

Her kan du stiga inn i dei gamle guds-hus, kjenna andedrag frå generasjonar som har site her gjennom tidene, og vita at huset har romma glede og sorg – og vore ein bustad for trua til folket vårt gjennom århundre.



Opningstidene vert som fylgjer:

Øystese kyrkje

Kyrkja er open i tidsrommet 10. juni til 20. august.

Opningstidene varierer litt gjennom sommaren, men i hovudsak er det ope på dagtid mellom 10 og 16, men unntak for måndagar.

Vikøy kyrkje


Denne kyrkja er også open i same tidsrommet, 10 juni til 20. august. Her er opningstida frå kl 11 til kl 18 alle dagar, så nær som måndagar.

I tillegg vil også Norheimsund kyrkje vera open for besøk i vanleg arbeids-tid, - med mogelege unntak for ferie-avvikling.

Ver velkommen!

Krølletreff

Kva er krølletreff?, spurde ei mamma meg i kyrkja her om dagen. Ja, kva er linken mellom kvite og søte smålam, både av naturleg storleik og art, og dei meir mjuke og små som har gøynt seg i kyrkjebenkene og bak døypefonten, - og kyrkja sin evige bodskap? Her er det rom for mange assosiasjonar og teologiske utgreiingar for den som vil. Men for ein liten tre-åring er det heilt uvesentleg – det viktigaste er at lammet



som brekar utanfor kyrkja, er mjukt og levande, og at lammet som han får som gave når han reiser, er så utruleg mjukt å kosa med.

Krølletreff høyrer våren til, og alle som er døpte i Den norske kyrkja, vert inviterte til krølletreff i si kyrkje. Og skal tru om ikkje Han som er kyrkja sin Herre, og som også har tilnamnet den gode gjetar, smiler og syns at symbolikken og koplinga er framifrå?



Tiril Tordal Langeland er stolt av å visa lvesle krølle til venene sine: Linus Uwimana og Joakim Haukaas Linde i Øystese kyrkje.



Borna i Øystese kosar seg med besök av eit ekte lam!



Frå venstre: borna Hjalmar Steine Kleivane, Ida Skeie Willemoes, Emma Melås, og Noelia Langesæter et ”krøllegraut” i Norheimsund kyrkje

Vikøy stavkyrkje

Oppå loftet i Vikøy kyrkje, i gangen utanfor galleriet, finn du ein liten skatt: ein tru kopi av den stavkyrkja som stod i Vikøy fram til 1836. Den vart reist kring år 1300, og var såleis godt over 500 år den vart riven i 1835. Det fanst ei gammal og ille medteken kopi av stavkyrkja frå før – men denne var tærd av tida si tann, og lite tenleg å visa fram. For 15 år sidan vart Olav J Neteland utforda: kan du laga ein ny kopi til oss?

Den røynde snikkaren tveka ikkje eit sekund, og svara: Ja, det kan eg gjera. Få dagar seinare ringde han til kyrkjeverja: No var kyrkja ferdig. Og du hendels for kvalitetsarbeid på stutt tid? Resultatet kan du sjå om du tek deg ein tur opp på loftet ved høve. Kyrkja vert open heile sommaren – no har du sjansen! Kvar gong eg vitjar Vikøy kyrkje, må eg ein tur bort i kroken og sjå. Takk, Olav Neteland – du har skirve deg inn i soga for kyrkja vår.



Frå Vikøy til Pattaya

I haust dreg ekteparet Jeanine Heide og Jon Nedkvitne til Pattaya i Thailand. I tre år skal dei vera i Sjømannskyrkja si teneste der ute.



-Det var liksom no eller aldri, smiler Jeanine. Ho arbeider til dagleg ved Framnes vidaregåande skule som lærar. Mannen Jon Nedkvitne er sjef for samfunn, kultur og næring i Kvam herad. Trygge og gode jobbar, stor trivnad - men no kjende dei likevel på trong for noko anna.

Jeanine er den som går inn i dei tydelegaste oppgåvane. Ho skal vera diakonal medarbeidar inn mot den store contingent av nordmenn som har busett seg i Pattaya. Det bur om lag 4000 nordmenn her nede, og mangfaldet er stort. Ho skal delta i trusopplæringsarbeid som kyrkja driv, besøkja menneke i fengsel og sjukehus, og bidra inn mot fleirkulturelle familiar,

og vera med og laga møteplassar for menneske som treng det. Dei sosiale utfordringane er mange og store, og Sjømannskyrkja bidreg inn i mange slags samanhengar.

Jon skal vera vertskap for Sjømannskyrkja, og får ei litt friare rolle gjennom sin 50% stilling. Litt AFP tek han altså med seg på lasset, men kjenner eg han rett, så vert det lange arbeidsdagar, også på han. Jon skal såleis delta på turar og tiltak utenfor kyrkja som jungeltur, barbesøk, lengre sykkelturar, vaffel- tuk-tuk mm.

Han skal også delta med planlegging og organisering av nye tiltak, og bidra med å oppretthalda ei levande nettside.

Ikkje minst skal han ta initiativ til samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar og andre praktiske gjeremål saman med den øvrige stab. Nok å hengja finrane i med andre ord. Han har truleg teke Sjømannsmisjonen sitt vaffelsteikjekurs?

18. august er det utsendingsgudsteneste for desse to i Norheimsund kyrkje. Kom gjerne og ver med, og gje dei ei god oppleveling før dei dreg! Kanskje kan dei få ein plass på bønelista di også?

Strandebarm kyrkje - kva skjer?

Det er ikkje så beint fram å setja i gang store prosjekt med gamle og verna kyrkjer. Mange skal ha eit ord med i laget.

Og mange er i dette høvet riksantikvar og biskop. Begge institusjonane har nok eit anna innsteg til dette restaureringsarbeidet enn dagens konsulentverksemder og entreprenørar har. Her har det vore naudsynt å gå nokre ekstrarundar, noko som krev

både tid og pengar. Frustrande, - men også lærerikt. Gammal byggjeteknikk kjem for dagen, og arbeidet med å ta ned hellene og leggja dei opp att kan fort annleis enn det me såg for oss då prosessen starta. I skrivande stund er det framleis litt ballkasting att og fram mellom dei ulike offentlege aktørane, og ivrig kyrkjeverje lyt læra seg tolmod. Men det kjem, det kjem.....



Ein skal ikkje vera sulnig oppi korga til Jan Mo AS!

Strandebarm kyrkje sin akustikk er heilt unik!

Lydteknikar Elaine Maltezos sparar ikkje på godorda etter at dei er ferdige med lydopptaka til Benedikte Maurseth si siste plate. I tre heile dagar og netter til ende var teamet på plass og fekk festa vakre og til dels nyskapande hardingfeletonar til tapen.

Rett før konfirmasjonen? Både kyrkjetenar og andre innvigde rista på hovudet over ein sprø kyrkjeverje som leiger ut Strandebarm kyrkje til lydopptak i dagane før den store festdagen. Men slik vart det – og det gjekk jo fint! Seint på laurdagsnatta, før bunadskledd konfirmantar hadde fått stakken på, pakka teamet saman og forlet bygda, like stille som då dei kom onsdag kveld. Litt knirk og lydar frå utsomverda høyrer med, og traktordur let seg ikkje alltid kombinera med stavstille som trengs når vare feletonar skal vera åleine. Men traktoren tok pause, nettene vart tekne i bruk – og resultatet gjorde teknikaren meir enn nøygd.

Benedikte Maurseth torer vera velkjend for mange som syslar med folkemusikk, og har ved fleire høve nytta Strandebarm kyrkje sin gode akustikk som ramme for innspelingar til platene sine. No var det den prisløna konserten «Nordic Lights» som vart festa til det digitale lydsporet. Musikarane Benedicte Maurseth, Kiya Tabassian og Patrick Graham er fulle av lovord om fasilitetane. Ikkje ein gong ungdomslege rånarar fann vegen ned på parkeringsplassen – det kunne ikkje vere betre, seier Benedicte.



Strandebarm it is!



A poster for a summer concert series. It features a green header with a white church illustration. Below the illustration, the text reads "SOMMAR KONSERT ØYSTESE KYRKJE". The main text area is green with white text: "12./19./26.6. 7./14./21.8. ONSDAGAR KL. 20". At the bottom, a green button-like shape contains the text "Inngang kr 100,-". To the left of the poster, there are vertical decorative panels with intricate blue and orange patterns.

Sommarkonsertar i Øystese kyrkje

I år som i fjar: Kantorane i Kvam, Ulf Krupka og Sevi Asgarova Øvrehus, dreg i gang sin serie med sommarkonsertar. Nytt av året: dette vert i Øystese kyrkje, i fjar var det i Norheimsund. Men innhaldet er det same: ei kveldsstund med kvild for øyre, kropp og sjel i gamle Øystese kyrkje. Med sin plassering midt i bygda og nær inntil hotellet kan kanskje desse konsertane finna fram til andre besøkjande enn før?

Konsertserien har knytt til seg ulike utøvarar innan klassisk musikk og folkemusikkarar busette i Kvam. Me nemner i fleng: Anne Cathrine Eiken, Arngunn Timenes Bell, Vidar Berge, Ole Gjerde og fleire.

Ver velkomne!



Quiz

Kor godt kjenner du Den norske kyrkja – statistisk sett? Test deg sjølv med denne quiz'en.

Annakvart år gjennomfører Den norske kyrkja ei medlemsundersøking for å få innsikt i haldningane og erfaringane til kyrkjas medlemer. Undersøkinga føregjekk på nettet og befolkningsrepresentativt utvalg var totalt 6204 intervjuer, der 3838 er medlemar i Den norske kyrkja.

Me har laga ein quiz som for det meste er basert på 2023-undersøkinga, men har teke med nokre lokale spørsmål til slutt. Fasiten finn du på side ? her i bladet. Alle prosent-tal er avrunda til nærmeste heile tal. Lukke til!

Tekst: Inger Karin Tordal



Foto: Den norske kyrkja.

		Svaralternativ 1	Svaralternativ 2	Svaralternativ 3
1.	Kor stor del av Noregs befolkning er medlem i Den norske kyrkja?	92 %	78 %	61 %
2.	Kor stor del av medlemane har besøkt ei kyrkje minst ein gong dei siste 12 månадane?	80 %	75 %	63 %
3.	Kor stor del av medlemane meiner at Den norske kyrkja er ein viktig møteplass ved kriser og ulykker?	88 %	75 %	52 %
4.	Kor stor del av medlemane meiner kyrkja er samfunnsnyttig ved å støtte menneske som er i sorg?	93 %	81 %	68 %
5.	Kor stor del av aldersgruppa 60+ meiner at kyrkjebygget har stor betydning for dei?	85 %	62 %	44 %
6.	Kor stor del av medlemane er glad for at kyrkja er der når folk treng den?	82 %	58 %	49 %
7.	Kor stor del av medlemane ville døypt bornet sitt dersom dei fekk born no?	95 %	77 %	57 %
8.	Kor stor del av medlemane ville ha valt å via seg i kyrkja om dei skulle gifta seg no?	85 %	73 %	59 %
9.	Kor mange gravplassar har kyrkjeverja i Kvam ansvar for?	9.520	7.130	4.360
10.	Kva aktivitet i kyrkja blir 3-åringane i Kvam invitert til?	Legoklubb	Tårnagent	Krølletreff
11.	Kor mange born i barnehagane i Kvam har vore med på Krybbevandring i 2023	281	213	156

Konfirmantar 2024

Standebarm



Fotografmeister Eric Clement

Rad 1 (fremst) frå venstre:
Amalie Svåsand Måge, Madelen
Oma, Selma Fosse Øyen, Marielle
Augestad Ljones, Lene Kristin
Haveland, Marta Borge, Elise
Løken

Rad 2: Sokneprest Vetele Karlsen
Eide, Nikolai Kvandal Hansen,
Olina Augestad Røyrvik, Julia
Flemmen Skogvoll, Elina Eik
Nygård, Eirinn Berge Bu, Vegard
Eide Aase, Kateket Mampion
Andriamandimby

Rad 3: Hans Kristian Oma
Nernes, Eirik Straumstein, James
Matthew Paclibar Nernes, Lucas
Gjerde

Norheimsund



Fotografmeister Eric Clement

Rad 1 (fremst) frå venstre:
Eline Fosso, Anna Sofie Eikrem,
Johanna Hjartnes, Vilde Eide Skeie,
Silvia Margot Skeie-Rubio, Vienna
Fosse Vik, Kristina Eikeland Sangolt,
Sanne Mo.

Rad 2: Sokneprest Vetele Karlsen
Eide, Kristian Kaldestad, Halvor
Duesund Valland, Emil Seim, Oliver
Flagtvedt, Jon Linga, Lukas Hoff,
Konfirmantlærer Eivind Daniel
Brakvatne Røed, Katetet Mampion
Andriamandimby

Rad 3: Aleksander Børven Aase,
Mats Sjølot Byrkjeland, Hallvard
Valland Nordheim, Isak Valland
Lyngset, Einar Flotve, Ådne
Undrum Larsen, Gustav Korshavn
Vikesdal.

Konfirmantar 2024

Ålvik



Fotograf: Katrine H. Van Tulder

Fra venstre:
Konfirmantlærer Eivind
Daniel B. Røed, Vikarprest
Roar Strømme, Linde Ruud
Hovdane, Malin Eilin Offer-
dal Ebert, June Lothe, Storm
Aalvik Rosseland.

Øystese



Fotografmeister Eric Clement

Rad 1(fremst) fra venstre:
Lærke Årstad Fykse, Tuva
Bystøl Børve, Linea Pettersson
Gjerde, Amina Nikuze, Åsa
Aalvik, Maud Sofi Fimland Vik

Rad 2: Vikarprest Roar
Strømme, Emil Honningsvåg
Vik, Liam Amir Reduoane Jamal,
Jardar Fykse, Julian Haukaas,
Hans Rykkje, Kateket Mampion
Andriamandimbry

Rad 3: Alexander Nicholas
Nordlinder-Nitter, Sondre Tvei-
terås, Mathias Sæhle Pedersen,
Are Moe-Rosseland, Jakob
Aarekol Botnen

Rad 4: Even Froestad Gjerde,
Eivind Daniel Brakvatne Røed

Reisebrev frå Butwal

Misjon er så mangt. Misjon er både dreierobotar og relasjonar, bistand og utviklingshjelp. Og ikkje minst: misjon er hjartevarme, frå fagmann til fagmann.



Glad og takknemleg hovudlærar Ramesh ved BTI

Brigt-Roar Skeie har foeldre og røter i Kvam, og arbeider til dagleg som yrkesfaglærar ved KnarvikVGS. Skulen har i fleire år vore prosjektfadder for HimalPartners Norad-finansierte samarbeidsprosjekt med Butwal Technical Institute (BTI) i Nepal. Her har dei bidrige med sin kompetanse, slik at tilbodet vert opplevd som attraktivt for unge nepalarar. Til Kyrkjeblad for Kvam fortel han i dag frå ei reise han nyleg føretok til BTI. Med seg på reisa hadde han to tidlegare elevar. Brigt-Roar fortel: - Det var uhyre interessant tur! Føremålet var tredelt: 1. Styrkja organisasjonen og leiinga, ikkje minst i arbeidet mot korruption. Dinest var det å hjelpa til med å utarbeida læreplanar for byggfag. Og sist men ikkje minst, utvikla CNC, automatiserte dreierobotar. Industrien ropar på produkt og deler, og dreierobotar arbeider 10 gonger så fort og nøyaktig som ein person kan gjera.

Brigt-Roar har etterkvart ei lang fartstid i organisasjon Himalpartner, og var på sin sjuande tur til Nepal. Han har både vore i landsstyre og leiar for ungdomsarbeidet til organisasjonen. – Og det er slett inga ulempe å fortelja at eg er nevø av Tore Skeie når eg dreg rundt i Nepal, smiler han. Tore Skeie sitt namn har opna mange dører for meg, slår han fast. Tore har sett djupe spor i landet gjennom sitt mangeårige engasjement gjennom Himalpartner sitt arbeid.



Tru, undring og mystikk i Jon Fosse sine tekstar

Det var ikkje nett overflatisk og lettbeint underhaldning dei hadde med seg i kofferten, dei som var involverte i Fossegane sitt seminar. Her var det heil ved, - og grovbrød å tyggja på, for dei som ville.

Og dei som ville, - det var mange. Fossehuset var fylt til siste stol då føredragshaldarane Christine Hamm og Rolv Nøtvik Jakobsen grov seg inn i nobelprisvinnar Jon Fosse sine tekstar for å lodda djupna i gudstrua og mysteriet. Christine Ramm var først ute, og tok for seg Fosse sin vesle roman Morgan og kveld, der han gjev ord til mysteriet omkring både fødsel og død på nokre korte romansider. Ikkje minst tilhøvet til overgangen til det uskjønelege i døden via ho stor merksemd, og viste korleis Fosse maktar å setja ord på også denne prosessen i si diktning.

Rolv Nøtvik Jakobsen tok oss vidare inn i Fosse si diktning, og viser til korleis han maktar setja ord på mysteriet: dette at Gud ikkje let seg romma i ord og diktning, men at dimensjonen er større, - og at dette må me større rom for i vår gudstru. Mysteriet i trua er større enn ei gudsteneste kan femna. Ordskiftet etter føredraga giekk i same lei, der både paneldeltakrar og publikum grunda på mysteriet i møte med luthersk tradisjon og tru.

Jon Fosse har ein salme med i salmeboka vår, og den måtte sjølv sagt syngjast som allsong. Nattsalmen, som han kalla den, er utifrå vakker, og klang ut i vårvelden over den blanke fjorden. Her var det på heimebane, alt saman.



Rolv Nøtvik Jakobsen og Christine Ramm



Velfylt sal i Fosse-huset



Roar Strømme leia samtalen, i lag med føredragshaldarane

Kva er ei grav utan blomar?

Me har 7130 graver i Kvam. Ikkje alle klarar stella gravene til sine kjære. Kanskje bur du langt borte, kanskje er det for fysisk krevjande å liggja på kne og olbogar? Då er Hildegunn og hennar hjelparar gode å ha.



-Eg overtok dette etter far min, seier Hildegunn Strømme, der ho ligg på kne og finpussar kring ei av dei 200 gravene som Kvam kyrkjelege fellesråd steller på vegne av pårørande.

Hildegunn er leidt inn på kontrakt av fellesrådet, og saman med kyrkjetenarar utgjer ho eit team som mange har glede av. - Det er noko med å arbeida i med vakre blomar, ute under himmelen, kjenna jord mellom fingrane. Ikkje minst gjev det meg glede i å syta for at desse kyrkjegardane får skina. - Mange steller så vakkert på gravene sine, seier Hildegunn. - Og andre kunne nok med fordel brukt litt meir energi på å gjera grav-

staden meir presentabel, smiler ho. Kyrkjeverje har faktisk lov å gripa inn, dersom gravstellet er heilt fråverande, eller til sjenanse. Men det er ytterst sjeldan – ein telefon er som regel nok, så vert det rydda opp av dei pårørande.

Me lever i ei bryntningstid. I framtidia vil ein heil del av oss hamna som skilt på ein minnelund, og ikkje som namn på ein gravstein. Men i mange, mange tiår enno vil den tradisjonsrike grava med gravstein halda fram, side om side med minnelundane som kjem til å koma. Både kistegraver og urner i urnefelt eller i vanlege graver vert eit vedvarande og godt etablert tilbod til namna minnelund.

Dugnad duger - og det dugleg og.

Kva skulle ein gjort utan frivillig-innsatsen i vårt samfunn? Den er limet som held det meste i hop - og kyrkja er ikkje noko unnatak.

Vinteren freistar etter beste evne å ta attende alt me menneske prøver å halda i god stand. Ver, vind, frost og snø riv og slit i det meste av det me syslar me. Men då er det godt å ha ein liten hær av gode menneske som kvar vår tek attende det som vinteren har prøvd å øydeleggja.

Det er lang tradisjon for dugnad på kyrkjegarden om våren, og både i Ålvik, Vikøy og i Strandebarm har flittige hender vore i sving med å rydda, raka, mala, kosta - ja, alt det som trengs. Sokneråda organiserer, og kyrkjeverjen gler seg uehemma, der han ser kor det skin etter trugne arbeidshender.

Takk til alle gode hjelparar!!



Slike damer det vil gamle Noreg ha!

I Norheimsund var det seks damer som møtte opp og gjorde ein strålende innsats. Dei siste gav seg ikkje før klokka var blitt 22! Då var det ryddige bed, nyklippe buskar og veldig fint før konfirmasjonshelga. I Vikøy var det både mannsterkt og kvinnesterkt oppslutnad om dugnaden .Her vart kyrkja vaska, så langt opp det gjekk an å nå med stige. I tillegg var det ryding, luking, klypping og kosting. Resultatet vart veldig flott. Soknerådet vil rette ei stor takk alle frivillige som stilte opp for å ta vare på kyrkjeparkane og kyrkjene våre!



Minnelundar

5 gode spørsmål og svar om ein ny måte å gravleggjast på.

1. Kjem det minnelund i Øystese i år, slik planen er?

Ja, med eit lite etterhald, Som alltid med nye produkt må alle detaljar kvalitetssikrast, og noko av dette har teke lengre tid enn forventa. Det er likevel arkitekt Gøril Kjosås og kyrkjeverja sitt klare mål å få reist minnelunden i Øystese før vinteren er her.

2. Vert det rimelegare å bli gravlagt i minnelund enn i tradisjonell grav?

Ja. Rett til fri grav er lovfesta, anten ein velgjer tradisjonell grav eller minnelund. Kostnadssparinga kjem først og fremst til uttrykk ved at ein ikkje treng gravstein. Kostnaden med namneplate vert betydeleg mindre enn ein gravstein, og er ein eingongskostnad. For øvrig gjeld same reglar ved festing av urnegrav i minnelund, som andre stader på kyrkjegarden.

3. Kan det flyttast namn frå allereie gravlagde inn i minnelunden?

- Nei, berre heilt unntakvis. Minnelunden er primært for nye gravlagde. Unntak kan gjerast, og kanskje spesielt for dei høve der ektefelle allereie er gravlagt på tradisjonelt vis, og der gjenlevande ektefelle ynskjer å ha begge namna i minnelunden.

4. Kremasjonsavgifta må i dag betalast av pårørande. Kan det bli ei endring på det?

- Det ynskjer fellesrådet at det blir. Men så langt har det ikkje lukkast å finna ei god løysing på dette. Her står det som alltid om pengar, og fellesrådet har ikkje råd til å betala denne avgifta, dverre. Me arbeider med saka!

5. Kor lenge kan namneplata få hengja i minnelunden?

- Så lenge som du ynskjer å festa grava der urna står. Etter 20 års fredningstid må grava betalast for, fram til den er 60 år gammal. «Ei grav berre skal finnast så lenge det lever menneske som hugsar vedkomande», heiter det i gravferdslova sin intensjon. Deretter skal minneplata takast ned – men også her kan det gjerast unntak.



Munter historie

Ein slaktar hadde etablert stor kjøttforretning i Egersund. Han hadde godt humør og var svært fantasifull. Seint på kvelden – ein regntung dag i desember – var han på veg heim frå butikken. Før han går, kom han på at han skulle skräma henne: han tok på seg den svarte regnfrakken, i tillegg til eit grisehovud som låg i butikken.

På veg opp trappa heime, tek han grisehovudet over sitt eige hovud; ringjer på dørklokka og ventar spent på kva som vil skje. Kona opnar døra, ser på mannen, og seier: «Neimen Sverre, har du klypt deg?»

Arne O. Øystese



Fasit på quiz om medlemsundersøkinga s. 7.

Riktig svar

1.	Kor stor del av Noregs befolkning er medlem i Den norske kyrkja?	3 - 61 %
2.	Kor stor del av medlemane har besøkt ei kyrkje minst ein gong dei siste 12 månadane?	1 - 80 %
3.	Kor stor del av medlemane meiner at Den norske kyrkja er ein viktig møteplass ved kriser og ulykker?	2 - 75 %
4.	Kor stor del av medlemane meiner kyrkja er samfunnsnyttig ved å støtte menneske som er i sorg?	2 - 81 %
5.	Kor stor del av aldersgruppa 60+ meiner at kyrkjebygget har stor betydning for dei?	2 - 62 %
6.	Kor stor del av medlemane er glad for at kyrkja er der når folk treng den?	1 - 82 %
7.	Kor stor del av medlemane ville døypt bornet sitt dersom dei fekk born no?	2 - 77 %
8.	Kor stor del av medlemane ville ha valt å via seg i kyrkja om dei skulle gifta seg no?	3 - 59 %
9.	Kor mange gravplassar har kyrkjeverja i Kvam ansvar for?	2 - 7.130
10.	Kva aktivitet i kyrkja blir 3-åringane i Kvam invitert til?	3 - Krølletreff
11.	Kor mange born i barnehagane i Kvam har vore med på Krybbevandring i 2023	1 - 281

Om du vil lesa heile undersøkinga, gå inn på Kvam kyrkjelege fellesråd si nettside www.kyrkja.no/kvam. Under fana «Om oss», finn du «Medlemskap i Den norske kyrkja» og derunder link som du kan fylgja.

GUDSTENESTER I SOKNA

16. juni

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Bok til 6-åringane

16. juni

Øystese kyrkje kl. 17.00
Bok til 6-åringane

23. juni

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

30. juni

Øystese kyrkje kl. 11.00

7. juli

Vikøy kyrkje kl. 11.00
Sommargudsteneste

14. juli

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

21. juli

Friluftsgudsteneste i
Fitjadalen kl. 11.00

28. juli

Vikøy kyrkje kl. 11.00
Sommargudsteneste

4. august

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

11. august

Øystese kyrkje kl. 11.00

18. august

Ålvik kyrkje kl. 11.00

18. august

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Utsendings-gudsteneste for

Jeanine Heide og Jon Nedkvitne

25. august

Øystese kyrkje kl. 11.00

Mogeleg fjelltopp-gudsteneste

25. august

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

1. september

Ålvik kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon

1. september

Norheimsund kyrkje kl. 17.00

Konfirmantpresentasjon

08. september

Øystese kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon

08. september

Strandebarm kyrkje kl. 17.00

Konfirmantpresentasjon og 4-årsbok

15. september

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

4-årsbok og konfirmantjubileum

15. september

Ålvik kyrkje kl. 17.00

4-årsbok og 6-årsbok

22. september

Norheimsund kyrkje kl. 16.00

Gudsteneste for alle

29. september

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Dialektgudsteneste

29. september

Øystese kyrkje kl. 11.00

4-årsbok

NB! Det kan koma endringer. Sjå lysing i HF!



FRÅ KYRKJEBØKENE



Dåp

Øystese sokn

Amina Nikuze
Solveig Fykse Flotve
Lars Flotve Borge
Arthur Hågensen Byrkjeland

Vikøy sokn

Mia Tyssebotn
Jon Linga
Halvor Duesund Valland
Audun Storaas
Luca Rasch-Halvorsen

Strandebarm sokn

Ole Berge
Ella Tveit Valand
Olav Johan Kvåle Mørner
Mie Sofie Høvik Hjartnes



Gravferd

Ålvik sokn

Borgny Pedersen (f. 1937)
Øyvind Aalvik (f. 1936)

Øystese sokn

Arne Børve (f. 1927)
Anny Hammarqvist (f. 1933)
Oddvin Fykse (f. 1950)
Gudrun Slettemark (f. 1936)
Ragnhild Helen Rykkje (f. 1956)
Harald Kvamsøy (f. 1949)

Strandebarm sokn

Johannes Sigvald Tordal (f. 1926)
Torleiv L. Fosse (f. 1931)
Arild Pedersen (f. 1974)
Lars J. Bru (f. 1933)

Vikøy sokn

Jorunn Torsnes (f. 1930)
Vidar J. Eide (f. 1914)
Reidunn Hagerup Øverland (f. 1939)
Anne Marie Strømme (f. 1945)
Bjørn Steine (f. 1934)
Inga Elise Byrkjeland (f. 1934)
Roar Fosso (f. 1960)
Kristen Vikøy (f. 1935)
Sverre J. Tveiten (f. 1928)
Margrete Apold (f. 1924)
Aslaug Storli (f. 1926)
Iren Steinsland (f. 1954)
Brit-Kari Nordvik Bjørke (f. 1954)



Vigde

Øystese sokn

Maritha Hågensen og
Yngve Laurence Byrkjeland

- Din lokale VVS-leverandør



Foto: Hunnvalven Media

Våre fagfelt:

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Luftbehandlingsanlegg
- Automasjon/SD-anlegg
- Rehabilitering
- Nybygg hus/hytter
- Service

Tlf. 56 55 36 00 - www.tecno.no - E-post: post@tecno.no

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FÖR, SINGEL OG SAND



JAN MO A.S.

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

 **JOHAN SKEIE AS**
GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

Øystese Elektriske AS

DIN LOKALE ELEKTRIKAR
- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstraum
- ENØK og smarthusløysingar
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 · www.oelas.no



Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbruksar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

Ynskjer du gravstell?

Fellesrådet sine tilsette steller graver for mange - men har kapasitet til meir.
Ring kyrkjekontoret for prisar og info, tlf. 474 83 120. Eller sjå våre heimesider på kyrkja.no/kvam




Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur
www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50



www.hardangerbygsenter.no

 BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



KVAM KRAFTVERK




Til deg! For deg!

 **SparebankenVest**
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555

Pussar på plenar

Bjørn Kåre Thorvaldsen er mannen som har fått i oppdrag å halda kyrkjegardsplenanane velstelte i sommar. Blid som ei lerke på sin flett nye Husquarna plentraktor pussar han så det er ein fryd frå Tørvikbygd til Ålvik. Og bli ikkje forundra om du ser han til alle døgerets tider: Bjørn Kåre arbeider når graset ropar på han. Og det gjer det nett heile tida. No i mai er det ekstra trøkk, med bløming og eksplosjon av blomar overalt. - Men kva med biene og humlene?, spurde ein velmeinande naturvernær her om dagen – burde ikkje dei få lov å meska seg i blømande blomar? Har ikkje kyrkja også eit ansvar for eit alarmerande tap av insekter? Det er eit godt poeng, - men ikkje lett å kombinera med kravet til velstelte plenar. Og som Bjørn Kåre seier: -Humlene får ta turen bort til vegkanten der Statens vegvesen har ansvaret – der er det plenty med blomar å forsyna seg av.



Vandre-gudsteneste til Holsete

Vandring høyrer livet til, i alle slags tydingar av ordet. Livet er ei vandring – og det vart tydeleg på den årlege vandregudstenesta frå Haukås til Holsete i regi av Strandebarm sokneråd. Aldri såg du vel ein vakrare dag? Skriftlesing ved kvar ein stogg, 7 i alt, og kyrkjeklokka på Holsete ynskte dei velkomne då dei kom. Tostemt trompetspel er ikkje kvardagskost i fjellheimen, og Hallgeir sin neverlur gjorde dagen komplett.



Småbarnstreff på gardsbesøk

**Sjå, mamma! Ein kalv!
Og der er ein hund
– og eit lam!**

Småbarnstreffet i Norheimsund kyrkje er ein fin gjeng. Her møtest eit titalls born til uformell samling med foreldre på føremiddagstid to gonger i månaden. Føremiddagen? Jadå, det finst barn som ikkje går i barnehage – og for dei er dette ein god samlingsstad. Sist gong dei var saman, hadde dei funne vegen til garden til Ronny og Marion Bakke-Byrkjeland ute i Vikøy. Det er lenge sidan alle born kom frå gard, der levande dyr var ein del av kvardagen. Men glede over det levandelivet er genuin, og den glede skal me ikkje ta frå dei.



Barn frå venstre: Samuel Andreas Oma, Gideon Emanuel Oma, Levi Korshavn Vikesdal, Rebekka Opdal, Brite Marie Bakke-Byrkjeland med mamma Marion Bakke-Byrkjeland, Else Marte Sæleset, Benjamin Levi Oma og Mikael Sæleset.